



## Notat

Dato: 02.05.2014  
Arkivsak: 2014/240-4  
Saksbehandlar: hilklep

---

**Til:** SAMFERDSELSUTVALET

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Ivaretaking av tryggleiken på bussrutene

På møte i samferdselsutvalet 22.01.14 stilte Wenche Tislevoll (H) fylgjande spørsmål.

- a. *Korleis sikrar Skyss at tryggleiken på rutene vert ivareteke?*
- b. *Er talet på ståplassar på bussen i samsvar med det som vert opplevd som eit greitt sikkerheitsnivå?*
- c. *Er rapporteringsrutinane for overskridingar så enkle at desse vert nytta etter intensjonen?*

a. I samsvar med kontraktane Skyss har med operatørane, er tryggleik om bord i bussane operatørane sitt ansvar. Dette vert fylgt opp av Skyss gjennom den generelle driftsoppfølginga.

b. Tal på sitjeplassar og ståplassar er regulert gjennom nasjonalt regelverk. Skyss og operatørane held seg til dette regelverket. Skyss ser til at tilbodet er dimensjonert etter det gjennomsnittlege behovet, innafor dei økonomiske rāmene.

c. Skyss er i tett og løpande dialog med operatørane i alle ruteområda, og ein vurderer det slik at rapporteringsrutinane fungerer godt.

